

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget trekkjer vedtak frå 11. desember 2018 om ein garanti på 191 mill. kr (2018kroner) for bompengelån for Kvinnheradpakken.
2. Fylkestinget trekkjer vedtak frå 12. juni 2018 om ein garanti på 954 mill. kr. (2018-kroner) for bompengelån for revisjon av Bømlopakken
3. Fylkestinget tek til etterretning at det ikkje lenger er mogleg å sikre posisjonen til garantistillar ved å kunne auke gjennomsnittstakst og/eller å auke innkrevjingsperioden.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 8 røyster (FNB, R) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 51 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, Pp, H) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 2 fekk 51 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, Pp, H) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 3 fekk 51 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, Pp, H) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 11. desember 2018 om ein garanti på 191 mill. kr (2018-kroner) for bompengelån for Kvinnheradpakken.
2. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 12. juni 2018 om ein garanti på 954 mill. kr. (2018-kroner) for bompengelån for revisjon av Bømlopakken
3. Fylkestinget meiner det er uheldig at det ikkje lenger er mogleg å sikre posisjonen til garantistillar ved å kunne auke gjennomsnittstakst og/eller å auke innkrevjingsperioden. Den auka risikoen kan føre til at ein må utsetje vegprosjekt til slutten av bompengeperioden, og med dette risikere mindre kostnadseffektiv utbygging.